



Skulejoggen 2013 vart svært vellukka trass i at den var ei våt oppleving, oppsummerar skuleleiinga. Ingen sure miner vart registrert og alle var med, men det var nokon som tok turen over Dønhaug i staden for alternativet over Ådnaklett. På den positive sida er det også grunn til å få med at den frivillige innsamlinga til UNICEF på FN-dagen ga 4 800 kroner som resultat.



Rektor vil også berømme SPAR som spanderte frukost på heile skulegjengen. Ho kan ikkje få fullrost butikken fordi den alltid er så raus overfor gode føremål i bygda. Det var elevrådet som tok seg av organiseringa etterat butikken hadde levert ingrediensane og så vart mat og drikke henta klassevis. Dermed fekk joggarane eit solid grunnlag for trimminga.

- Og det var aldri på tale med avlysing på grunn av ruskeveret?

- Nei, for såpass lyt dei tåle, svarer rektor Marie Elisabeth Kaldestad.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen

